

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29

Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Støren

Emne: Julenissen

Bygdelag: Haukdalsgrenda

Oppskr. av: Jens Haukdal

Gard: Sørstua

(adresse): Snøan

G.nr. 59 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Etter samtale med Kari J. Hugdal, 63 år, Haukdal, Snøan m/fl.

SVAR

1)

Julehissen som deler ut julegåvor vart fyrst kjent på juletefestane for born, og det var ikring 1900 at han kom her. Nissen med pakkor og køyrepels kom nok fyrst på julekort og elles i julehefte.

2)

På juletefestane for born kjem julenissen med epler eller appelsinor til borna. Andre gåvor har han ikkje med der. I heimane har han med seg alle dei gåvone som husfolket får til jul, men det er helst i hus med born at nissen ferdast.

3)

I heimane kan det vera husfaren sjølv som kler seg ut til julenisse, men det kan og vera at det er ein av grannegutane som kjem. Dette vert gjort av di borna veit kven det er dersom nokon av husfolket er borte når nissen kjem.

Det hendar at julenissen kjem langveges ifrå. Såleis kan ein onkel koma frå grannebygda med gåvor til borna. Han brukar då bil og tek turen før sjølve julefesten tek til heime.

Storæiken på julenissen er det ikkje så nøye med. Han kler ut den kroppen han har fått å dragast med.

4)

Nissen kjem helst i ein gamal hundeskindsmudd (pels). Han har då eit raudt skjerf kring livet. Det er så langt at det fyrst knyttet kring halsen og verdt vridt i hop nedover til midja og knytt ikring der. Han brukar finnsko og raud tømme. Skjegget må vera langt og rikt. Ofte vert det laga av ull fastsaume til tystrimlor. Dette vert så fest bak øyro, og nissen brukar den maska han fekk i fødselsgåve. Elles vert det og bruka kjøpte maskor.

5)

Maskone vert enten sjøllaga av nissen, eller også kjøpt.

6) Julebukane har ikkje bruka maske frå gamalt. Denne julebukk-skikken er meir gått or bruk, men i 1870-80 åra var han mykje vanleg. Dei som gjekk hadde då ei gamal rye (vevd sengteppe) som dei tok over seg. Eit grev var sauma fast i fremste luten og hovudet på bukken var forma av grevet. Eit par store bladvottar var sette på

5286

5275

2
til øyro. Dei var det sett vidjer i slik at dei heldt seg stive, og midt i bukkeandletet var det set fast to store massingknappar til augo.

Det vert fortald om siste julebukken her i strøket. Han som førde bukken gjekk inn i ei stove tidleg ein morgon. Dei hadde då vori ute heile natta og gått frå stad til stad. Med det same bukken kom inn i stova heldt nett mannen sjølv på med å få fyr i omnen. Det var ikkje ljost i stova. Einaste ljosskjæret var ifrå tyristikka som mannen heldt ~~ixkxxxix~~ i handa. Kona låg endå ute i kamerset men ho hadde utsyn fram til omnen der mannen stod.

Han som førde bukken rakte fram bukkehovudet rett i fanget til mannen.

-Å, Jeus namn, sa mannen med det same og gjekk fleire steg attende.

-Å spenn te åt styggheten Istin, sa kjerringa. Ho såg kva det var.

7)

Julebukkane hadde aldri julegåvor med. Dei fór mest berre og ville ha moro med folk.

8)

Den nye julenissen og nissen på låven er nett same personen. Skikken med å setja graut på låven er for lang tid sidan gått i gløymeboka. Like eins er det ingen som har sett nissen i fjøset. Men der var hane ein stø gjest før i tida. Han bruka halda til i mørkaste kråa - i forbåsen hende det nok at ho som skulle ta foret fekk tak nissen, men sidan det vart bygd nyare og ljosare fjøs vart det nok ingen trivnad for nissen. Han hørde heime i den gamle steinrøysa som ikkje hadde anna ein ein liten glugge til glas, og einaste ljuset dei bruka var ei tyristikke som dei sette i klypa i muren - eller talgljuset som dei stakk fast i ei kumøkkkruse. Slik ljoske lika nissen og skuggen hans var rett ofte å sjå der han svinta seg mellom dyra.

I notida er han ein skugge av seg sjølv. Han viser seg berre i jula og då må han ha god hjelp av di han er så gamal. Det er mest berre hamen som er att av han, men når det vert setx inn ein ung frisk kropp så gjer nissen atter skiloppstreker og moroar seg mellom folket.

9) Ein har ikkje høyrte gjeti at julegåvor kom på nokon underleg måte her i grenda.

Jens Haukdal

~~5275~~

5286